# Planstrategi

for

Austevoll kommune

2020 -2024

# Planstrategi

Er eit verktøy for å styrke den strategiske planlegginga i kommunen, der ein set strategisk retning for planarbeidet.

Den skal vise om vi behov for planar i lys av utfordringar og utviklingsmål ein har – samfunnsutvikling

Plan og bygningslova §3.1 tredje ledd og §10-1

kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Folkehelse, klima- og miljø og god medverknad dannar grunnlag for all planlegging. I tabellen under ligg føringane og system for prosessen




Figur 1. Eksempel på planprosess.

På dei neste sidene ligg analyse av Austevoll kommune. Den legger premissa for våre prioriteringar i lag med regionale og nasjonale føringar og lovverk i planstrategien.

| Styrker | svakheiter | moglegheiter | truslar |
|---|---|---|---|
| Vekstsamfunn | Infrastruktur, rekruttering innanfor helsetenester | Betre kollektivtilbod, varierte arbeidsplassar, meir førebyggande arbeid fram behandlande | Nedgang i folketal-prognosar, fråflytting, aldrande befolkning og aukande behov for helsetenester |
| Stabilt næringsliv | Einsarta næring (helse, oppvekst, primærnæring) | Samarbeid for å etablere nye næringar | Legge ned og/eller flytte arbeidsplassar |
| Initiativrike innbyggjarar | Behalde initiativ i befolkninga. Lite risikovillig kapital. Intern satsing i eigen bedrift | Samarbeid for ny næring, arbeidsplassar og trivnad – samskaping | Aukande lokale, regionale og nasjonale krav/lov |
| Ung befolkning | Avgrensa moglegheitar samanlikna med nærliggande kommunar | Legge til rette for auka trivnad, attraktive arbeidsplassar og fritid | Forventa færre yrkesaktive per pensjonist, færre personar per hushald. |
| Høg kompetanse innan forsking | Nærliggande og større fagmiljø i nabokommunar | Utvikle kompetansehub | Flytte verksemda |

| Styrker | svakheiter | moglegheiter | truslar |
|---|---|---|---|
| Infrastruktur – vatn, straum og breiband | Har ikkje kapasitet til nye og større etableringar | Kapasitetsauke som sikrar framtidige behov, alternative energiløysingar | Kostnad for etablering |
| God kommuneøkonomi | Auka bruk av institusjonsplassar – aldrande befolkning | Førebygging, stimulere til variert og aktivt næringsliv | Fleire som treng kostandskrevejande behandlingsplassar, fråflytting og manglande arbeidsplassar |
| Øysamfunn | Isolasjon delar av døgnet og ved uvær, bygrensa tilbod samanlikna med nærliggande kommunar, infrastruktur/veg, synleg i samfunnet | Lokal kunnskap, samhald ved krise, tryggleik | Utflytting, ferjeavgangar styrar samfunnet og næringsaktivitet |
| God beredskap | Manglande fastlandsforbindelse, avhengig av nabokommunar ved større hendingar | Utvikle framtidsretta tenester | Rekruttering og samarbeid, sentralisering av tenester, slukkevatn |

# I arbeide skal vi ta omsyn til FN berekraftsmål



# Vår lokale prioritering av FN berekraftsmål er:
























| | |
|---|---|
| 3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET | Mål 3 tek sikte på å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder. Her vil førebyggande arbeid innan somatisk helse og arbeid for å auke levealder vere viktig, slik at alle kan leve friske og sunne liv. |
| 10 MINDRE ULIKSKAP | Mål 10 tek sikte på å redusere ulikskap i- og mellom land, og samtidig utjamne sosiale forskjellar. Dette mellom anna ved å fremje sosial, økonomisk og politisk inkludering utan omsyn til alder, kjønn, rase, etnisitet, nasjonalitet, religion eller økonomisk og annan status. |
| 11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN | Mål 11 tek sikte på å gjere byar, tettstadar og bumiljø inkluderande, trygge, motstandsdyktige og berekraftige. Her vil helse, tryggleik, infrastruktur og klima vere viktige faktorar. |
| 12 ANSVARLEG FORBRUK OG PRODUKSJON | Mål 12 tek sikte på å sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster. Me må betre utnytte ressursane og minimere påverknaden på miljø og klima. Dette vil minke ressursbruk, miljøøydelegging og klimagassutslepp. |
| 13 STOPPE KLIMAENDRINGANE | Mål 13 tek sikte på å handle umiddelbart for å avgrense klimaendringane og konsekvensane av dei. Dette inneber både utsleppsreduksjon og å tilpasse seg for å styrke evna til å stå mot klimarelaterte farar og naturkatastrofar. |
| 14 LIVET I HAVET | Mål 14 tek sikte på å ta vare på og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling. Havet har ei nøkkelrolle for regn, drikkevatn, vær, klima og mykje av maten vår. I tillegg byr det på moglegheiter for nye arbeidsplassar og økonomisk vekst. |
| 15 LIVET PÅ LAND | Mål 15 tek sikte på å verne, oppattrette og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvalting, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald. |
| 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA | Mål 17 tek sikte på å styrke gjennomføringsmidlane å fornye globale partnarskap for berekraftig utvikling. Samarbeid og partnarskap på tvers i samfunnet er viktig for å oppnå berekraftig utvikling |
| Vurdering | Desse måla er prioriterte fordi dei dannar grunnlaget for vårt lokalsamfunn historisk og i framtidig perspektiv. Dei er grunnleggande for gode lokalsamfunn som tar i vare interessene til innbyggarane, deira levekår og våre økosystem. Vi vil legge til rette for å utvikle lågutslippssamfunnet basert på lokale forhold, sosial rettferd, deling av kunnskap og en dugnad som inkluderer alle. Det legges til rette for god beredskap, mindre ressursbruk og god forvaltning av naturmangfald for framtidige generasjonar. Samtidig bidrar kommunen til ansvarleg forbruk og produksjon og bærekraftig bruk av økosystema i havet og på land. Stimulere tettstader og robuste bygder med gode kvalitetar i nærmiljø skal bidra til en inkluderande, trygg, attraktiv og miljøvennleg utvikling |




# Vi vil arbeide for berekraftig klima og miljø som tek omsyn til våre resussar på land og i sjø

Vi gjer det ved å:

- arbeide for forståing kva miljøvennleg resussutnytting vil vere for oss
- arbeide for fornybare næringa i lag med dagens næring
- arbeide for forståing kva miljøvennleg resussutnytting vil vere for oss
- arbeide for å legge tiltrette vekst som gjer minst mogleg fotavtrykk
- være ein aktiv part i lokale, regionale, nasjonale og globale forskingsbaserte nettverk innafor klimaarbeid
- vere ein bidragsytar som tilretteleggjar for å utvikle kompetanse om berekraftig næringsutvikling i samarbeid med lokal næring-, forsking- og kompetansemiljø
- ha ei arealforvalting som tek omsyn til det langsiktige perspektivet for å ivareta naturverdiar, landskap og historiske verdiar i våre lokalmiljø. Dei er ein del av vår identitet og trivsel

# Vi vil tilrettelegge for gode leveår som inkludere våre innbyggarar i eit  trygt og godt nærmiljø

Vi gjer det ved å:

- Med å rette tenesta mot førebyggande arbeid innanfor alle tenesteområda
- Tilrettelegging av nye tenester og ta i bruk velferdsteknologi
- Involvere frivillige i vårt arbeid
- Fokusere på lågterskeltilbod som kan involvere mange
- Arbeide med inkludere fleire i fellesskapet med å skape møteplassar i nærmiljøet

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

10 MINDRE ULIKSKAP

11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN

# Vi vil arbeide for at alle barn og unge skal bli gode til å lese og skrive, at dei trivst på skulen og i fritida, har venar og er aktive i kvardagen.

Vi gjer det ved å:

- Leggje til rette for brukarmedverknad og involvering i all tenestyting
- Tilsette har høg kompetanse. Vår tilnærming er kunnskaps- og forskingsbasert
- Tidleg innsats og førebyggjande folkehelse er gjennomgåande i alle tenesteområda
- Gjennom systematisk og tverrfagleg arbeid sikra tidleg oppdaging og oppfølging av utsette barn og unge
- Vi har eit inkluderande samfunn med nulltoleranse for mobbing og utestenging for å få robuste barn og unge
- Vere tilretteleggjar for meir kvardagsaktivitet i lag med vener i fritida, i barnehagen og på skulen
- Kome seg til og frå på fritida

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

10 MINDRE ULIKSKAP

11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN

# Vi vil arbeide for å legge til rette for førebygging framfor behandling og som gjer at fleire kan vere aktiv i kvardagen.

Vi gjer det ved å:

- Gje dei tilsette kompetanse som er forskingsbasert og har dokumentasjon på at det verkar innanfor våre tenesteområda.
- Å gjere det mogleg at alle kan bu heime så lenge dei kan og vil.
- Oppretthalde teneste og velferdstilbod vi har i dag
- Rette helsearbeid mot førebyggande arbeid i alle aldersgrupper
- Tenke universell bruk og funksjon i alle livsfasar.
- Trekke velferdsteknologi og fleksible løysingar inn så tidleg som mogleg i alt helsearbeid, både for unge og gamle.
- Gje ei hand når det trengs- fokus på inkluderande arbeid
- Meir kvardagsaktivitet i lag med venner
- Ta helseberedskapsarbeid på alvor berekraftig velferdsamfunn om tek helse på alvor, som arbeider med førebygging













# Vi vil arbeide for ei berekraftig, robust og framtidsretta næring som har fleire bein å stå på

Vi gjer det ved å:

- satse på dagens næring og bli enda betre til det vi er gode på
- Ved å ha ein koordinerande rolle som bidrar til eit nullutsleppsamfunn og omlegging til bruk av fornybar energi
- Legge til rette for arenaer og miljø som kan skape nye næringar og nye idear
- Legge til rette for møteplassar mellom  lokal næring, forsking og kompetansemiljø for å skape meir samhandling mellom dei.
- Sikre at vi har arbeidsplassar i privat og offentleg næring og tenester.
- å skape forståing kva miljøvennleg ressursutnytting vil vere for oss og dei som ønskjer å satse kapital på nytenkande teknologi og næringsutvikling.

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

10 MINDRE ULIKSKAP

11 BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN

# Vi vil arbeide for  gjere kulturlivet og  kulturmiljøet meir synleg

Vi gjer det ved å:

- skape ein aktiv, inkluderande og kul kulturskule som er tilpassa barn – og unge sine interesser
- Etablere eit kulturhus for alle
- Å inkludere og synleggjere vårt historiske kultur og kulturmiljø i kvardagen
- å tilrettelegge for fleire kulturopplevingar
- La eldsjelene få honnør for arbeidet dei gjer for alle.
- Kvardagslivet er vår kultur- dele og inkludere det med fleire

# Vi vil arbeide for ein trygt samfunn og ta beredskap på alvor

Vi gjer det ved å:

- Arbeide forebyggande slik at vi kan sikre verdiar og innbyggjarane ved uønska hendingar- føre var prinsippet.
- Behalde og legge til rette for ein god rekruttering og bruk av kompetanse i tenesta beredskap, helse- og branntenesta og i tett samarbeid med naudetatane.
- Vi planlegger for å handtere mange ulike hendingar i kommunen som kan hende i kvardagen på land og i sjø.
- Gjere alle bevist på korleis bruke informasjon som blir gitt ved krise og uønska hendingar.
- Bygge og ta omsyn i planleggingsarbeid slik at bygg og infrastruktur vil tåla ver, vind, stormflo og ekstremregn

# Planarbeid og planar vi vil prioritere fram til 2024

| Planar 2021-2024 | **Vedtatt gjennomført** | **Temaplanar - ønska** | **Temaplanar som går ut** | **Revidering** |
|---|---|---|---|---|
| | **Kommuneplan, arealdel og samfunnsdel** | | | |
| | Folkehelseoversikten 2020-2024 | | | |
| | | Økonomiplan | | |
| **Tenesteområde – Helse og velferd** | Overordna plan for eldre | | | |
| | Handlingsplan for psykisk helse 2019-2024 | Førebyggande helsearbeid , bu heime så lenge du kan og velferdsteknologi | Overordna helse og velferdsplan | |
| | Rusta for framtida - Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering i Austevoll kommune 2018- 2026 | Overordna helse- og sosial beredskapsplan | | |
| | Vold i nære relasjonar (i arbeid) | Plan for IKT, digitalisering og innføring av velferdsteknologi | | |
| | Pandemiplan og smittevernplan 2020 | | | |
| **Tenesteområde - oppvekst** | Overordna skuleplan | Plan systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn | Kvalitet og utvikling Austevollskulen 2015-2018 | Kulturminneplan 2016-2028, med verdisetting - kommunedelplan |
| | | Plan for fritidsaktivitetar | | |
| | Ungdomsstrategi | Tiltaksplan for ungdomsstrategi | | |
| | | Bibliotekplan | | |
| | | Kulturplan | | |
| | | Barnehageplan | | |
| | | Integreringsplan for flyktningar | | Plan for innehold, kvalietet og utvikling i Austevoll kulturskule 2015-2015 |
| | Tidleg innsats (la Linno) | | | |
| **Tenesteområde - utvikling og forvaltning** | Miljø- og klimaplan (Berekraftige Austevoll) | Houvedplan for infrastruktur - vatn og avløp/ vannforskrifta | Klima og energiplan 2010 | KommuneRos 2014 |
| | Austevollspakken- utbygging av vegar | Boligar til dei som treng ekstra tilrettelegging (Boligsosial handlingsplan) | IT - strategi for Austevoll kommune 2014 | Overordna plan for beredskap |
| | Forvalting av hjortevilt | Avfallsplan for hamner | Overordna drift og vedlikehald strategi kommunale bygg | Trafikksikringsplan 2015 - 2023 |
| | Plan for idrett, frilutfsliv og nærmiljøanlegg | Vegnorm for Austevoll kommune | | |
| | | Kommunedelplan for naturmangforld | | |

# Analysegrunnlag

- Folkehelseoversikta
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Statistikk i Vest – SSB